

Martin Morken



MENIGHETSBLAD

FOR ORKDAL PRESTEGJELD

«Når dere søker meg av hele eders hjerte, vil jeg la meg finne av eder».

Nr. 3

Mars 1957

7. årg.

„Eg trur på samfunnet av dei heilage“.

Kyrkja har stått på ein høg stad i bygda vår i snart tusen år. Kyrkje er eit gresk ord som tyder Herrens hus. I kyrkja syng vi framleis «Kyrie eleison!» det vil seia «Herre, miskunne deg!»

Omlag like lenge har ein serskild dag i veka vori vigd til samling om Gudsordet: Herrens dag, søndagen.

Dette med kyrkje og søndag tek vi som sjølvsgade ting. Men sanninga er at dei er Guds gåver til oss i Kristus Jesus, og det minste vi kan gjera, er å takka for dei. Lat oss gje rom for takken når vi høyrer kyrkjeklokkene eller ser det huset og dei husa som er reiste av Gud ved menneske mellom oss. Lat oss takka Gud for denne kristne arven med gudshus og helgedag. Det er eit kall som går ut til oss frå desse institusjonane. Lærer vi å takka for dette, så finn vi også ut koss vi kan syne vår takk i handling med.

Nå lever vi i det Herrens år 1957. Enda har vi Herrens hus og Herrens dag til å samlast om Guds ord. Men kor lenge? Jau, så lenge som trua på Jesus Kristus, Herren, finst mellom oss. For trua på Herren har alltid drivi kristne til samling om ordet i takk og tilbeding og bøn. Og når vi samlast, lyder vedkjenninga: «Eg trur på ei heilag ålmennt kyrkje, eit samfunn av dei heilage». Her er det tale om ei

kyrkje bygd av levande steinar, menneskesjeler som trur.

Men dersom vi verkeleg trur på samfunnet av dei heilage, så vil denne trua driva oss til handling. Den vil føra oss saman om ordet, ikkje berre i dei små arbeidslaga, men i samfunnet av dei heilage, som Jesus tenkte på då han bad til Faderen om «at dei alle måtte vera eitt». Samfunn vil seia å finna saman og finna kvarandre i tru på og lydnad mot Herren. At dette samfunnet også skulle vera eit samfunn som kom til syne, som ein kunne sjå, ser

Sangere og talere fra Østfold

besøker distriktet i påsken.

Det er ein dobbeltkvartett frå Tomb Jordbruksskole, og skolestyrar Lars Korvald samt stortingsmann Lars Sæter og formann i styret for Tomb, bonde Kr. Skullerud er med som talere.

Langfredag dreg vi alle til Orkland kyrkje for å vera med ved gudstjenesta, der stortingsmann Sæter preikar og kvartetten syng.

Om ettermiddagen same dag kl. 16 (4) held dei møte på Fannrem i Me-gården bedehus.

I Orkland kyrkje vil det bli tatt opp offer til skolen, og på Fannrem vil det også bli høve til å gi ein gave til vår kjære skole.

Vel møtt til begge samvær i Jesu, næmn!

vi av det Jesus vidare sa i si bøn: «Så verda kan tru at Du har sendt meg».

For apostelen Paulus var det nok at han fekk sjå dei møtande kristenbrørne ved Forum Appium: «Då Paulus såg dei, takka han Gud og fekk mod». Berre ved å fylle vår vesle plass i samlinga om ordet kan du og eg vera med og demonstrela og styrkja samfunnet. Lite visste dei ukjende kristne den gongen at deira samfunnshandling hadde så mykje å seia for apostelen.

«Visste De ikkje at eg lyt vera i huset åt far min?» sa Jesus til foreldra sine då dei leita etter han alle andre stader. Kor skal ein leita etter deg og meg når det er samling om ordet i vår bygd? Det er så mangt som gjer at vi lyt vera både her og der, men ikkje i Fars hus. Og likevel er vi disiplar av han som etter sedvane gjekk til gudshuset på kviledagen. Ein disippel er ein læresvein, men er det så at vi vil lære noko i det heile av Herren vår?

Han vil læra oss at vi er skapte til samfunn med Gud og med kvarandre. Han vil læra oss at mellom alle dei livsviktige ting i livet vårt er det eitt som er nødvendig, og dette er å søkja Guds rike først.

A. G. Nødtvedt.

Aksjon og bøn.

Det står om Jesus at han bad ofte. Og at han ofte gjekk ut til einslege stader for å be. Og da hans eigne læresveinar gjekk til han og bad han læra dei å be, så lærte han dei: Fader vår.

Men me har også mange andre bønner frå Jesu munn. Den lengste er vel hans yppersteprestlege bøn, der han legg oss på minne at me «alle må vera eitt, som du Far i meg og eg i deg — at dei må vera eitt i oss — så verda kan tru at du har sendt meg».

Og siste kvelden han var i lag med sine lærer han oss korleis me skal be når me sjølv kjem i naud — når våre ynske kjem på tvers av Guds vilje. Da heiter det: «Men ikkje som eg vil, men som du vil».

Og i dei vel nitten hundreår som no er gått sidan denne kvelden, har det i mange land vore ein flokk med læresveinar som trufast har halde saman «ved læra åt apostlane, ved samfunnet, ved brødsbrytinga og ved bønene».

Kva desse menneske så har fått gjort i desse nitten hundreåra, det skimtar me berre stykkevis. Dei heste har vel ofte fått delt sin meisters lagnad i ei vond verd. Men bønene deira har sikkert bore frukter og gjer det enno.

Eit lysande døme på kva eit bønemenneske kan få gjort, er saga om pietisten August Hermann Francke i Halle. Han tykte synd i alle dei heimlause og foreldrelause borna som etter trettiårskrigen leid vondt i hans fedreland. Utan pengar, men med tillit til Gud og bøn, tok Francke til å byggja ein heim for desse borna. «Da Francke døydde», seier saga, «var det to tusen born og 170 lærarar ved barneheimen i Halle». Og me har vel grunn til å spørja: Kan slikt gå for seg utan å røra ved åndskrefter som mange i dag er for kloke til å visa nokor tiltru.

Me kan vel godt setja som inn-

skrift over Franckes liv: «Arbeid og bøn — bøn og arbeid». Og han er ikkje den einaste dette ordet høver på. Me har vel hatt og har framleis mange mellom oss som ikkje vik attende når det gjeld offer og arbeid og tid til bøn for Guds rikssak på jord.

Når rett var, skulle vel dette vera ei oppgåve for kvart einaste døpt menneske. Sviktar me her, så sviktar me ein gjeven lovnad. Og lovnadsbrot batar aldri eit ærleg menneske.

Og når me ser oss om i verda i dag og prøver å vurdera verdsituasjonen, — eller me ser oss om i vårt eige land og ser kva vår kulturelite byd fram som livsgrunnlag for vår ungdom, så skulle vel det me ser, kalla på alle personlege kristne — både til arbeid og til bøn. Kva hadde me i grunnen å leva for dersom vår kristentru sviktar.

Vel maktar me ikkje mykje, men me «har ei teneste stor for Gud», syng Orheim, og han legg til «av småting vert storverk vunne».

Og fekk rett *mange* av alle døypte, denne hugen til å tena, så skulle det vera merkeleg om ikkje slike ord som «kyrkjeframande» og «sektularisering» kunne verta mindre aktuelle mellom oss enn dei er idag.

Olav Solem.

INNSAMLET TIL MENIGHETS- PLEIEN I ORKDAL 1956.

Sølberg krets kr. 190.—. Grøtte krets kr. 1514.—, endel av denne krets har ikke hatt innsamling enda.

Fannrem 14—3—57.

Randi Johnsen.

STYRET FOR MENIGHETS- PLEIEN I ORKANGER har hatt møte. Bl.a. har styret gjennomgått menighetssøsterens dagbok og regnskap.

Dagboken viser at søsteren i 1956 har hatt 56 nattvakter, 1022 stell av pasienter, 479 sprøytesettinger.

Videre kan en se at hun har vært tilstede ved 4 dødsfall og 7 begravelser.

Menighetsaksjonen i Orkdal 1.—7. april.

Korleis er eit vellukka menneskeliv? Verda har sin eigen målestokk. Den som er klok og intelligent blir sett opp til. Den som er velstående vinn seg og eit rom. Den som er pen og ser godt ut gjer lukke til ei tid. Den som har god helse, gode nerver og godt humør, får mange vener. Men enn når noko av dette sviktar? Kanskje alt sviktar? Da får ein kanskje oppdage at verda er utan miskunn mot den som ikkje lukkast. Så møter ein kulde — så blir ein åleine.

Men der er ein som aldri misser interessen for oss. Gud elsker også den som ikkje er vellukka etter menneskelege mål. Når helsa sviktar og nervane er urolege, når vi plagast med økonomien, om vi er lite å sjå på, ja, om vi er lite kloke og lite intelligente, så er vi likevel elska av Gud. «Så elska Gud verda», står der. Om ingen set pris på oss, set i alle fall Gud pris på oss. Vi er verdfulle for Gud — sjølv om menneska har vurdert oss for at vi er ingen ting å samle på.

Difor er det verste som kan hende eit menneske at Gud kjem på avstand. Vi treng det, vi menneske, å vite at vi er verdfulle for nokon. Kjem vi så langt at vi veit at ingen set pris på oss, da går vi under. Livet blir meningslaust.

Men når vi har samfunn med Gud, veit vi at om alle menneske sviktar, så er Han den same. Hans faderkjerleik tek aldri slutt.

Når vi no har Menighetsaksjon her i Orkdal, er det for å minne orkdalingane om Gud. Ingen har råd til å la Han kome på avstand. Det er frelse og evig liv det gjeld. Nokre kjenner seg utrygge og urolege. Har dei gløymt at dei er elska av Gud? Andre har ei kjensle av at dei har kjørt seg fast. Men Gud i sin kjærleik veit utveg i alt. Vi ville så gjerne at du skulle få

Kvifor menighetsaksjon?

Ordet aksjon er vi godt kjende med. Det er ikkje langt millom aksjonar for eit eller anna føremål, og enkelte organisasjonar har faste aksjonsnemnder. Men menighetsaksjon er noko nytt, og da ligg det nære å spørre, kvifor? Vi veit godt kva føremålet med ein aksjon er, det er å vinna framgang for den sak ein arbeider for. Men skal det likevel vera naudsynt med nokon aksjon når det gjeld kyrkje og kristendom og menneska sin stilling til Gud og det som høyrer Hans rike til. Vi har da kyrkja med sine faste gudstenester, frivillige organisasjonar med sine reisetalarar, og det er i det heile ingen skort på at Ordet blir forkynt i bygd og by, i utgrender såvel som i sentrum. Slik har det vori drivi frå slekt til slekt og seden har bori frukter, kanskje ymse gonger i hundra fold.

Men det er eit syrgjeleg faktum at søknaden dit Guds ord blir forkynt har minka sterkt, jamført med

søknaden til stader der dei samlar folket til verdslege samkomar. Det er «Den lille flokk» som er å finna der Guds ord blir forkynt, medan den store flokken sjeldan, eller kanskje aldri, høyrer eit Guds ord.

Grunnane til dette er ikkje vanskeleg å påvisa. Det er så mange fleire ting som kallar på folket no enn det var før, kallar med raffinert reklame, gloriande plakatar og pirande tekster og lover moro og avkobling, som folk tykkjest trenga så sårt til. På den meire materielle sida har vi Velferdsguden, som snart sagt har fått alle til å bøygja kne for seg, og var det sant på Jesu tid at dei hadde nok med «sin åker og sitt kjøpmannskap», så er det enno sannare idag, med den hektiske forkynting av det materialistiske «evangelium». Dette «evangelium» har gripi om seg med eit slikt omfang, og gjennomsyra heile samfunnet på ein slik måte, at ein kan mest tru at alt åndsliv blir lagt au-

møte Gud og få løysing på alle dine problem.

Mange av heimane i bygda vil få besøk no om ei veker tid. Vi kjem for å innby til møta vi skal ha i Orkdal kyrkje 1—7 april, og elles snakke litt om det Guds rikes arbeid som er igong i bygda. Det er nemleg slik at Ordet blir framleis forkynt og sakramenta blir forvalta no som før. Folk kjem saman i bedehus og kyrkje til samfunn og til bøn og lovsong. Og der folket samlast om nådemidla, der møter dei Gud — no som før. Kom du og og møt din Gud der Han har sett deg stemne.

I kyrkja 1—7 april vil misjonsprest Skauge vera hovedtalar. Han er trønder og vil vera kjend for mange. Dessutan har sikkert mange høyrte han i radio i det siste. Der har eit par gonger vori overføring

de, om det skal halda fram i same leid og med same tempo som det har gjort ei tid no.

Difor har vi, som trur at redninga ligg i trua på Herren Jesus Kristus, slik som Ordet forkynter, skyldnad til å gjera noko for å nå våre medmenneske med den «Glade bodskapen».

Vegen vi skal gå for å nå dei er klårt oppstaka i Guds Ord: «Gå ut på vegane og ved gjerda og nøynd dei til å koma». (Luk. 14,23).

Så skulle vi stå på trygg grunn når vi ropar ut: Kom, alt er ferdig.

Helge Syrstad.

Vi går til aksjon.

Når det gjelder Guds rikes utbredelse både her heime og ute på misjonsmarken, så er Gud avhengig av sine tjenere. Han når ikke lenger enn hans tjenere vil gå. De har fått oppgaven, og dermed også ansvaret. Likesom Faderen har utsendt meg, så sender jeg dere, sa Jesus. Joh. 20,21.

Han kalte sine utvalgte for apostler, det betyr sendebud. Han sendte ut de 70, og han sendte sine tjenere ut for å be til bryllupet. Og vi kunne nevne mange flere eksempler på at Jesus har overlatt denne oppgaven til sine tjenere. En gang sa han: «Be høstens herre at han driver arbeidere ut til sin høst». Mat. 9,38. Dette forteller noe om at det ikke er så lett for Gud å få villige arbeidere. De må drives ut. Vår erfaring viser nok også det samme. Hvor uvillige er vi ikke når vi skal gå ærend for Gud? Vi kan vitne om Gud på bedehuset, vi kan be for våre kjære, for våre naboer og venner, og bra er det. Men hvordan er det når han minner oss om å gå og tale personlig med dem om disse ting? Da kommer vi straks med de mange unnskyldninger. — Eller kanskje vi gjør som han som sa ja, men gikk ikke. Tenk på de mange

Jostein Hatlebrekke.

MENIGHETSBLAD

For Orkdal prestegjeld
Utgitt av Orkland sokneråd.

Utk. hver måned unntatt juli og august. Sendes gjennom posten til alle hjem i prestegjeldet, og til alle utenbygdsboende som vil ha bladet.

Kontingent kr. 4.- pr. år.

Redaktør: **Res. kap. Leergaard**
Kasserer: **lærer Nils Ofstad.**

For Orkanger:
Anton Hoff og Nik. Konstad.

For Orkdal:
Fru Ingeborg Krogstad Jakobsen.

For Orkland:
lærer Nils Ofstad.

Menighetsbladets trykkeri:
SVORKMO PRENTEVERK.

gode løfter vi gav og ikke holdt.

Da hindret vi selv Gud i å svare på vår bønn.

Vårt ansvar som kristne er stort. Hva kunne ikke Gud få gjøre dersom han hadde villige tjenere?

Guds vilje og mening med deg er dette: Gå også du ut i min vingård!

I. Rindal.

Konfirmantundervisninga for Orkdal sokn blir torsdag 21. mars: Gjentene møter opp i Orkdal kapell kl. 10. og gutane kl. 15. Dei som er døypt utanfor prestegjeldet tek med dåpsattest.

Etter loven er alderen for konfirmasjonen 14 ½ år, i den seinare tid spør mange om å bli konfirmert før den tid, eg trur det for dei fleste vil vera klokt å vente med konfirmasjonen til den lovfeste alderen.

Skal den unge som sluttar folkeskulen gå framhaldsskulen er det sikkert det beste å venta med konfirmasjonen til han er ferdig med framhaldsskulen. Ved dette får han betre tid å samle seg om konfirmantforebygginga, fordi framhaldsskulen sluttar tidlegare om våren, dertil blir han meir vaksen og moden for konfirmasjonen.

J. H.

Der er eit par små rettingar i preikelista som stod i siste nr. av Menighetsbladet. Det er altså preikelista i dette nummeret som gjeld.

Vi har fått nytt høgtalaranlegg i Orkdal kyrkje. Det vart teki i bruk no siste søndag. Folk sa at dei høyrde godt. Akustikken er ikkje så bra i den kyrkja, og folk har klaga over at mykje som dei skulle høyre vart borte for dei. No kan alle rekne med å få høyre og vera med i alt.

No siste søndag var det god salmesong i Orkdal kyrkje. Det var mykje ungdom og dei song av hjarta. Kor triveleg det var! Der blir mykje meir liv i kyrkja når der er god menighetsong.

Og medan vi no er inne på det, må eg få kome med eit stort ynskje eg har: De som kjem i kyrkja og trur på Gud — kan de ikkje vera så snill å vera med å seia fram truvedkjeninga høgt og gjerne også Fadervår. Det er det som er meininga etter Alterboka at menigheta skal vera med å vedkjenne si tru høgt og lydeleg. Lat oss gjera det!

Det blir ungdomskveld på Megården Bedehus søndag 31. mars kl. 20. Velkommen ungdom!

Sidan vi i dette nummeret tek for oss menighetsaksjonen nyttar eg høve til å rette på ein feil som sto i Sør-Trøndelag for ei tid sidan. Ved ei misstyding i telefonen kom der i Sør-Trøndelag til å stå at alle organisasjonane tek del i menighetsaksjonen i prostiet. Det rette er at i dei andre prestegjelda i prostiet som har aksjonen er alle organisasjonane med 100 pct., men i Orkdal har nokre få av Indremisjonen og storparten av Misjonssambandet til denne tid valgt å stille seg utanfor. Eg har høyrte at det er dei som undrar seg over meldinga i Sør-Trøndelag. Difor nemner eg dette.

J. H.

Kirkelig reklame gir gode resultater.

I Stockholm stift startet under ledelse av biskop Ljungberg en omfattende propagandakampanje den 6. oktober og 6. november for økt deltakelse i gudstjenestene, og man har nu ved bearbeidelse av det innsamlede materiale kunnet konstatere at den kirkelige reklame har gitt gode resultater.

Økning i gudstjenestebesøkene er konstatert i 56 % av menighetene. Omkring 130.000 personer i stiftet deltok i gudstjenestene mens propagandaen fant sted, og 5 % av kirkegjengerne eller 52.000 personer opplyste at de gikk i kirken fordi de hadde lest og sett en iøynefallende annonse om gudstjenestene i en avis.

Noe til å få forstand av.

Menighetsaksjon og skyss.

Det går fort framover mot aksjonsveka i Orkdal og aksjonsnemnda har byrja å tenkja på korleis ein skal gjera det med skyss for folk som vil fram til kyrkja og høyre Guds ord desse kveldane.

Me har tala med trafikkkontoret på Thamshavn og får ein del av bussane deira og drosjeeigarane i Orkdal skal vera med med sin buss.

Elles trur me at folk som har bil sjølv brukar desse og tar med folk som vil iveg.

Ruter og avgangstider vert som følger:

Buss frå Orkanger . . .	kl. 19,15
« « « « « « . . .	« 19,30
« « Råbygda . . .	« 19,30
« « Kårmo . . .	« 19,45
« « Svorkbygda . . .	« 19,15
Bil « Sølberget om Ustjåren . . .	« 19,30

Frå Stenshaugen til Fannrem kan jernbane brukast.
Buss frå Stokkhaugen . . kl. 19.—

Billettprisen vert ei krone tur og retur og det skulle vere mykje billig. Med det same nemner me no at høgtalaranlegget i kyrkja er montert og det skulle gjera sitt til at alle kan høyra godt. For å greie alt dette som er sett i sving trengs det ein del midlar og me kjem til å be om eit offer torsdag og sundag i aksjonsveka.

«Land, land, land høyr Herren ord».

For aksjonskomiteen

Ingar Lund.

Menighetsgudstjeneste.

Gudstjenesten begynner med *bønn* — med stille bønn eller om man vil med en skreven bønn, lest av klokkeren, og enhver må da legge inn i den hva som ligger ham på hjerte.

Det er naturlig at gudstjenesten begynner med bønn. For skal det komme noe godt ut av samværet i Guds hus, så må vårt sinn være vendt mot Gud. Vi må samle vårt spredte sinn og bli fylt av andakt og alvor. Først når vi samler vårt sinn til bønn, kan det bli noen virkelig menighetsgudstjeneste.

Det hviler ofte noe urolig over våre gudstjenester, især i begynnelsen. Folk kommer sent og så skal man se på hverandre, snakke sammen. La det ikke være slik. I Guds hus skal det herske stillhet og ro. Se deg derfor ikke omkring og tenk ikke på andre. *Men søk inn til Gud, og tenk på deg selv.* «Herren er i sitt hellige hus, vær stille for Ham alt folk».

Etter inngangsbønnen kommer *inngangssalmen* og innbyr menigheten til sammen å be om Guds velsignelse for gudstjenesten. I salmen kommer det frem, hvorledes gudstjenesten også vil være menighetens store hellige høytidsstund, noe som har funnet et vakkert uttrykk i det gamle ord: *høymesse*. I salmen kommer alt frem. I den bedes og bekjennes synd, i den taler Gud til oss, i den loves og takkes. Salmen er det skjønne bånd som knytter gudstjenestens enkelte dele sammen. La salmen klinge sterkt og tritt under våre gudstjenester.

«Gi meg Gud en salmetunge, så for deg jeg høyt kan sjunge i din nåde rik —».

Fra meget gammel tid tilbake har den felles syndsbekjennelse hatt sin plass i første del av gudstjenesten. Den kristne menighet vet at den må tale ut med Gud om sin synd, fordi den trenger forlatelse for synd og

frøelse fra syndens skyld og syndens makt. Og det er derfor *på sin plass* at vi i gudstjenestens begynnelse har en *felles syndsbekjennelse*. Presten og menigheten skal derfor gå sammen frem for Gud og bekjenne: «Hellige Gud, himmelske Far. Se i nåde til meg arme, syndige menneske».

Og menigheten fortsetter bønnen i salmeverset om Guds og vår Herre Jesu Kristi miskunnhet. Det første og det annet vers av nr. 49 i salmeboken har vært brukt i menigheten fra de eldste tider av og menigheten har satt den høyt og den bør fremdeles lyde med kraft i våre menigheter.

Etter syndsbekjennelsen trær presten på menighetens vegne frem for Gud med takk og tilbedelse. «Ære være Gud i det høyeste». Også dette lovprisningsord har fulgt den kristne gudstjeneste fra gammel tid. Det er heller ikke fra igår. «Kirken den er et gammelt hus». Med denne lovprisning uttrykker vi vår tro på Gud at han har tilgitt en angerfull synder som trær frem for ham. Også her fortsetter menigheten idet den synger: «Og fred på jorden, i menneske Guds velbehag».

Presten hilser nu menigheten med det gamle *apostoliske ønske*: «Herren være med eder». Og menigheten svarer: «Og med din ånd». Denne hilsen går så langt tilbake som ned til det 4. århundres gudstjeneste. Dette er noe stort — ikke bare for menigheten, men også for presten. Det minner om at menigheten skal ta presten og hans gjerning inn i sin bønn. Når ordene: «og med din ånd» møter presten som et svar fra menigheten, da kan det bli til stor hjelp og oppmuntning. Husk på at presten har en stor gjerning å gjøre nettopp i gudstjenesten. Det er ikke alltid lett å gå til den med et glad og frimodig sinn.

Presten oppfordrer så menigheten med disse ord: «La oss alle be»,

— til å være med i menighetsbønnen og vender seg så mot alteret og ber dagens *kollekt*. Kollekten betyr: *samlet bønn*. De fleste av våre kollekter er meget gamle, en del fra reformasjonstiden, og noen er ennå eldre. Kollekten på Alle Helgens søndag stammer fra det 8. årh. Også disse kollekter som er sterke og gode bønner, er ekte kirkegull og forteller oss noe om de *helliges samfunn* ned igjennom tidene. La oss være glad i disse bønner og la oss så godt vi kan be med, samle vårt sinn og løfte våre hjerter til Herren.

T. L.

I Orkdal hovedkirke

er det nu installert høttalaranlegg. Det er kommet istann ved privat finansiering, bl.a. med penger som i sin tid ble innsamlet til anskaffelse av høreapparater i kirken. Dessuten er brukt kr. 50,— som menighetsrådet siste år mottok som gave fra fru Olga Lie, Ishpeming, Mich. U.S.A. Hun er enke etter Ludvig Lie fra Evjensgrenda i Orkdal. Han døde i 1955 under et besøk på hjemstedet*).

Man håper at høttalaranlegget skal vise seg effektivt, og at det til en viss grad skal erstatte høreapparater, som foreløpig ikke blir installert. Vi er ellers takknemlig for uttalelser, fra kirkegjengere, som kan være til rettleiing for eventuelle forandringer.

Ref.

Gud er allmechtig. Du kan ikke falle så dypt at han ikke kan løfte deg igjen. Du kan ikke sitte så høgt at han ikke kan styrte deg ned.

*) Pengene skulle være en gave til hennes manns barndoms kirke. Orkdal menighetsråd takker henne hjerteligst for hennes penge-gave.

PREIKELISTEN

- 3. s. i faste 24/3:** Orkdal kapell. Nattverd. Leergaard.
Orkland kyrkje. Nattv. Olsen.
Orkanger kyrkje. Messefall.
- Midfaste s. 31/3:** Stokkhaugen bedehus kl. 11. Olsen.
Orkland kyrkje. Leergaard.
Grendstuggu kl. 11. Hatlebrekke.
- Marias budskapsd. 7/4:** Orkdal kyrkje. Nattverd. Misjonsprest Skauge og Hatlebrekke.
Moe bedehus kl. 11. Olsen.
Orkanger kyrkje. Leergaard.
- Falmesøndag 14/4:** Støylen skule kl. 11. Leergaard.
Togstadjåren Forsamlingsh. kl. 11. Hatlebrekke.
Orkanger kyrkje. Olsen.
- Skjærtorsdag 18/4:** Orkdal kyrkje. Nattverd. Olsen.
Orkland kyrkje. Nattv. Leergaard
Orkanger kyrkje. Nattverd.
Hatlebrekke.
- Langfredag 19/4:** Orkdal kyrkje. Leergaard.
Orkland kyrkje. Disponent Lars Sæter og Hatlebrekke. Ofr. til Tomb jordbruksskule.
Orkanger kyrkje. Olsen.
- 1. påskedag 21/4:** Orkdal kyrkje. Hatlebrekke. Ofr. til Menighets-fakultetet.
Orkland kyrkje. Misjonær Kollerøs og Leergaard. Ofr. til Misjonsbandet.
Orkanger kyrkje. Olsen. Ofr. til Indremisjonen.
- 2. påskedag 22/4:** Orkdal kyrkje. Leergaard.
Orkland kyrkje. Sekretær Peder-sen og Olsen. Ofr. til Israelsmisj.
Orkanger kyrkje. Hatlebrekke.

GAVER TIL BLADET**ORKLAND.**

- Ved Marit Berbu:** Nils Bredesen 5; Olav og Marie Skjølberg 10.
- Ved Nils Ofstad:** Ola Espås 5; Johan Mo 10; Elen Melby 10.
- Ved Leergaard:** Albert Groven 10; Johan Knudsen 5; Nikolai Ljøkjel 10; Peder Ljøkjel 10; Anne O. Bakken 5; Tora Ljøkelsøy 5; Engel I. Asbøl 5.
- Ved A.B. Hoston:** Anders Lommundal. Martin Rise. Ole Eide. Oline Hoston. Elias Hoston. John L. Øyasæter. John Viken. Erik Hoston.

GODT UTVALG av

SØLVVARER

til

BARNEDÅP**BRYLLUP****KONFIRMASJON****JOHN RØHME**

GULLSMED - ORKANGER.

KRISTELIG LITTERATUR

Fotorammer - Innramming

Orkdal Bokhandel

Edel Ask Eikli

FANNREM

Gravmonumenter

i alle prisklasser og modeller i førsteklasses utførelse kan bestilles hos meg.

Monumentene leveres fraktfritt og fritt oppsatt.

BERNT GROVEN

Svorkmo.

Marit Gimse. Samtlige bet. kr. 5.
John Sinnes 4; J.J Øyasæter 10.

ORKDAL.

Ved Ingeborg Krogstad Jakobsen: Bernt Solemsløkk 5; Anders P. Jakobsen 5; Arnulf Kvaal 5; Ole O. Morken 5; Sigrid Rønning 5; Gurine Munkli 10; Martin Dørdal, Skoleby 10; Erling Andersen 10; S. Norberg 10; Ole Metlid 10; Per Solem 10; Anders Klefsås 10; Andreas Koksæter 10; John Hoset 5; Edv. Forvemo 5; Harald Røhme 5; O. Granlie 10; Sivert Kvålsvold 5; Andreas Ekli 10; Johan Rise 10; Helmer Blåsmo 10; Ole Skarholt 10; Martin Koksæter 10; Knut Solem 5; Sverre Fossum 5; Arne K. Mo 5; Karen Mo 5; Ole Fossbakk 5; P. Gjønnes 10; Kristian Fossløkk 10; Johanna Holte Bakk 5.

Ved Edv. Sletvold: Pauline Olsen 3; P. Bergan 5; Kristian Hansen 5; Johan Andersen 5; Lars Skjenald 5; Oline Sognlie 5; Anton Knudsen 5; Ingebrigt J. Andøl 10; Johan Andøl 5; Lars Bonvik 5; Anna By 5; John Reitan 5.

Ved Per Asphjell: Ingvar Rian 5; Sverre O. Øyum 5; John N. Ustad 10.

Ved Leergaard: Anne Andøl 5.

ORKANGER:

Ved Olav Olsen: Martin Rømme 5; Olav Rømme 5; gitt 5; Anne Blåsmo 5; Petter Antonsen 10.

Ved Nik. Konstad: Anton Øien 10; Olav Olsvik sen. 5; Vilhelm Røhme 10; Paasche 5; Mali og S.Konstad 5; N.K.5.

Ved s. Agot Akseth: Iver Lillery 10; Fredrik Gangås 5; Ole Ustad 5; Anna Kjempe 5; Gitt 5.

Ved Anton Hoff: Enkefru Willmann. Ingeborg Wormdal. Karen Hognes. Arnt og Nilsine Rein. Andreas Myrind. Ole Svendsen. Arne Svendsen. Ildri Solbu. Ingebrigt og Marie Ustad. M. og E.Karlsen. Ole Døhl. Alfred Kvarnes. Sigrid Krognnes. Anne Sommer-vold. Johanna Mathisen. A. Forvik. Petra Solberg. Samtlige bet. kr. 5. B.W. 10; Birger Andersen 10; Orkanger Vel 25.

UTENBYGDS:

Frk. Anna Ljøkjel 5.

Hjertelig takk!

FRA KIRKEBOKEN

DØPTE i februar.

I Orkland kirke 10/2: John Helge Knudsen f. 14-12 56. Ole Johan Svorkdal f. 7-12 56. Oddny Metli f. 28-12 56. 24/2: Kari Aa f. 3-1 57 (Tr.heim).

I Orkdal kirke 3/2: Gunvor Asbøll f. 29-11 56.

10-2: Borghild Vuttudal f. 1-1 57.

24/2: Reidar Samskott f. 19-1 57. Aud Strand f. 16-12 56. Bodil Gangås f. 2-1 57.

I Orkanger kirke 10/2: Kristin Røstad f. 23-11 56.

17/2: Gunni Bjørklund f. 8-12 56.

VIGDE i februar.

I Orkdal kirke: Ingen.

I Orkdal kirke 2-2: Karl Johan Vigen og Oline Skjølberg, begge Orkdal.

I Orkanger kirke 2-2: Odd Torleif Bach, Orkanger og Henrikke Gjeldnes, Stangvik.

DØDE i februar.

I Orkland 17-2: John Larsen Svorkmo f. 5-6 1865.

I Orkdal 13-2: Olaug Øyangen f. 5-9 1932. 25-2: Arnt Gjønnes f. 9-7 1919.

I Orkanger 12-2: Berit Skjulsvik f. 7-8 1897. 17-2: Anna Løfaldli f. 24-6 1882. 25-2: Karen Anna Hognes f. 21-5 1881.